

Saksnr: 2019/15-2
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		15.10.2019
Fylkesting		15.10.2019

Val av representantar til Vestlandsrådet**Forslag til vedtak**

Fylkestinget gjer slikt val av representantar til Vestlandsrådet:

1. Fylkesordfører
2. Fylkesvaraordfører
3. Medlem:
4. Medlem:
5. Medlem:
6. Medlem:
7. Varamedlem:
8. Varamedlem:
9. Varamedlem:
10. Varamedlem:

Samandrag

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Vestland fylkestinget skal handsame ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet, gjeldande frå 1.1.2020, som følgje av samanslåinga at mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, samt iverksetting av ny kommunelov med nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

Det vert med dette lagt fram sak om val av representantar frå Vestland fylkesting til Vestlandsrådet.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Vestland fylkestinget skal handsame ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet, gjeldande frå 1.1.2020, som følgje av samanslåinga at mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, samt iverksetting av ny kommunelov med nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

Det vert med dette lagt fram sak om val av representantar frå Vestland fylkesting til Vestlandsrådet.

Prosjektlear viser elles til formelle ramme og regler for val til folkevalde organ som er gjort greie for i sak til valnemnda om «Val til folkevalde organ for Vestland fylkeskommune for perioden 2019-2023».

Samansetjing av Vestlandsrådet

Den nye samarbeidsavtalen omtalar samansetjinga av Vestlandsrådet på følgjande måte:

«§ 3 Samansetting

Vestlandsrådet har 6 medlemer med varamedlemer frå kvar av dei tre deltakande fylkeskommunane. Desse vert valde for valperioden av og frå fylkestinget sine medlemer.

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vera medlem av rådet.

Den einskilde fylkeskommune har høve til å skifta ut medlemer og varamedlemer i løpet av valperioden. Nyval skjer då for resten av perioden.

Vestlandsrådets medlemer er representantskap etter § 18-3 i kommunelova.

Storbyane Bergen og Stavanger har høve til å møta som observatørar med talerett.»

Forslag til samarbeidsavtale for Vestlandsrådet er vedlagt saka.